Fitjar-Posten

Vamp i kultursalen på Fitjar.

Forrykande Vamp

Vamp leverde ein fantastisk flott konsert i Fitjar kultur- og idrettsbygg tysdag kveld.

Helga Rimmereid Publisert: 03.11.09

Mange hadde store forventingar til denne konserten, og applausen runga allereie då musikarane stille entra scenen. "Applaus allereie før me har gjort noko?", kommenterte Stavland, som så lovde at dei skulle spela så fint dei kunne. Og det gjorde dei verkeleg! Dette må vera tidenes konsert i kultursalen, som var stappfull til randa. Det måtte setjast fram ekstra stolar, men alle såg godt, høyrde godt og fekk valuta for pengane.

Øyvind Staveland, Paul Hansen og Torbjørn Økland.

Carl Øyvind Apeland, Odin Staveland og Øyvind Staveland.

Carl Øyvind Apeland og Paul Hansen.

Flott lyssetting gav ekstra stemning.

Vamp leverte eit forrykande musikalsk show der alt vart understreka av ei flott og spennande lyssettinga som forsterka inntrykket av musikken. På reaksjonane frå salen og applausen forstod ein at publikum storkoste seg, og det såg det ut som musikarane gjore og. Det virka som dei koste seg meir enn nokon gong før, og bredda i konserten var og større enn nokon gong før.

Vamp består av Øyvind Staveland, Torbjørn Økland og Carl Øyvind Apeland som har vore med frå starten tidleg på 90-talet. Den nye vokalisten heiter Paul Hansen og på den siste plata deira St. mandag har og Odin Staveland og Birger Mistereggen kome med. Desse seks karane i anonyme mørke kle, bortsett frå lyslugga Odin med kvit skjorte, presenterte eit forrykande flott musikalsk show. Det var ein svært variert konsert som appelerte til mange, og i salen fann ein folk i alle aldersgrupper, frå dei yngste til dei eldste.

Det var heile tida musikken, instrumenta og songen som stod i sentrum. Lite dill og dall, men mykje flott musikk. Musikarane hadde god kontakt med publikum, som m.a. ropa ut: "Ja", då dei fekk spørsmål om å vera med å synga. Publikum klappa med då det svinga, som på Månemannen, dei applauderte kraftig når det var noko dei satte stor pris på, som opningssongen På bredden, og sat der andektige og stille når noko spesielt sterkt vert framførd, som Tir n'a noir.

Dei er ikkje berre musikalsk flinke menna i Vamp, men og svært allsidige; musikalske multitalent som trakterer mange ulike instrument kvar. Stadig dukka det opp nye instrument og nye lydbilete, nye klangar og lydar som ein ikkje ana kva instrument dei kom frå. Dette gav eit djupt, fyldig og spennande lydbilete.

Paul Hansen, som er den nye vokalisten, har funne sin plass i Vamp. Han kler Vamp og Vamp kler han. Det var ei fryd å høyra han synga både eigenkomponerte songar, nye Vamp-songar, og eldre Vampsongar. Han meistrar det meste, på sin eigen framragande måte, og gjer musikken til sin til glede for publikum

Birger Mistereggen, som spelar trommer, presenter munnharpespeling for oss i ei heilt ny musikalsk drakt. Det var i det heile mange spennande og varierte lydbilete, frå dei vare til dei sterke og intense. Då salen på ny får spørsmål om å vera med å synga på ein kjend song, kanskje den mest kjende av dei alle: Tir n'a noir, kjem det nok ein gong eit rungande "Jaa" frå salen, men då Hansen set i gang med si vakre røyst vert salen mållaus, og gløymer reint å synga med. Dei berre nyt musikken. Til slutt vert Månemannen framførd i ein ny og forrykande versjon, som nok ein gong trollbind publikum. Etter det vil applausen ingen ende ta, og som dei sa sjølv: Det passa fint for dei hadde ein til song dei ville ta, og så fekk me ikkje mindre enn to ekstra nummer. Først den flotte og vare songen: "Kim du nå va`?" frå cd'n Siste stikk og heilt til slutt ein shanty, farmførd a capella av alle musikarane.

På veg ut sprudlar folk over av lovord om konserten. "Ditta va' kjekt", sa mange. "Ditta var flott. Heilt fantastisk", sa andre. "Dei er dei beste i landet", er Agnar Aarskog sin kommentar der han stråler og gler seg over godt oppmøte. Mange er nok einig med han i at dette er noko av det beste norsk musikkliv har å by på. Dette var noko av det beste av dei beste, og det fekk me oppleva her på Fitjar!

Ein fullsattt kultursal høyrer Vamp framføra ein av sine meste kjende songar: Månemann.